Vaksdal kommune

SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-U75, TI-&86	15/1361

Framlegg til revidert tenesteytingsavtale

Vedlagte saksdokument:
Framlegg til ny tenesteytingsavtale mellom Vaksdal kommune og Vaksdal kyrkjelege fellesråd
Tenesteytingsavtale mellom Vaksdal kommune og Vaksdal kyrkjelege fellesråd - opprinneleg utkast frå fellesrådet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til ny tenesteytingsavtale vert vedtatt slik den ligg føre.
   Avtalen trer i kraft frå 01.01.23
2. Renovasjon vert lagt til i avtalen om dette kan gjennomførast juridisk og økonomisk.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)
Saka gjeld revidering av tenesteytingsavtalen mellom Vaksdal kyrkjeleg fellesråd og Vaksdal kommune om arbeid på gravplassane i kommunen.

Bakgrunn for saka
Vaksdal kyrkjeleg fellesråd (VKF) er lokal gravplassmyndigheit.
Gravplasslova, sist endra 01.07.22, regulerer ansvarsforholda for gravplassar:

Gravplassmyndigheten har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra soknet. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.
https://lovdata.no/lov/2022-06-17-46

I Vaksdal har det sidan 2011 vore ein slik avtale om at kommunen skal yte tenester på gravplassen i staden for tilskot. Denne ordninga kom i stand etter ynskje frå VKF. Tenesteytingsavtalen er revidert og tilpassa fleire gangar sidan.

Kommunalteknisk avdeling ved VA, veg og grønt, har ansvar for tenesteytinga på gravplassane. Primæroppgåva i avtalen er å utføre graving av alle kistegraver og urnegraver i Vaksdal Kommune. Stell og vedlikehald av gravplassar med tilhøyrande anlegg kjem i tillegg. Budsjettert ramme på kr 1,2 mill inngår i budsjettet til tenesteområdet som kommunestyret vedtar årleg. Arbeidsmengde og kostnad varierer noko frå år til år, men ramma er den same.

Etter ynskje frå VKF har det over lengre tid vore arbeidd med ein revidert avtale. Fellesrådet, kyrkjeverje i samarbeid med kommunen, ved kommunedirektør, økonomisjef og leiarar i tenesteområdet, har vore med i arbeidet.

VKF har kome med framlegg om ein ny og meir omfattande tenesteytingsavtale. I tillegg til tenesteyting omhandlar avtaleutkastet samarbeidsformer og møtestruktur mellom VKF og politisk og administrativt nivå i kommunen. Denne saka omtalar den delen som gjeld tenesteytinga i framlegget. Opprinneleg utkast frå fellesrådet er også lagt ved saka.

Kommunen har slutta seg til store deler av avtaleutkastet, men nokre punkt som har større konsekvensar er vurdert nærare.

Formelt grunnlag
Gravplasslova
Gjeldande tenesteytingsavtale
Handlingsprogram og økonomiplan

Vurdering og konsekvensar
Revidert framlegg til avtale er meir detaljert enn tidlegare. For tenesteytar (kommunen) er det viktig å sjå desse tenestene i samanheng med våre kommunale tenester for å få til ei effektiv og god drift. For høg detaljeringsgrad vil medføre lite fleksibilitet og negative konsekvensar for andre område. For VKF er det ynskjeleg med oversikt og føreseielege tenester. Det er arbeidd med å tilpasse og balansere desse omsyna i avtaleutkastet.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassane skal utgreiast av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet, jf. gravplasslova. Kommunen rekneskapsfører kostnadane i sitt rekneskap. Kommunen har tatt utgangspunkt i ei vidareføring av tenesteyting på same nivå som i dag. Det er lagt til grunn lik standard for gravplassar som andre grøntområde kommunen har ansvar for. Det har kome gode tilbakemeldingar på stell på gravplassane dei siste åra. Eit unntak, er ein periode i sommar med mange gravferder der ressursane ikkje strakk til.

VKF har i sitt framlegg sett høgare krav til stell og vedlikehald av gravplassar omtalt som «parkstandard». I tillegg har dei lagt til renovasjon og ringing med klokker i samband med gravferd.

<u>Vurdering av tillegg som VKF ynskjer:</u>

<u>Høgare krav til stell og vedlikehald på gravplassane</u>
Høgare krav er utfordrande med dagens ressursar. VA, veg og grønt har ansvar for vatn og avlaup, vegar, anlegg og grøntområde i kommunen. Ressursane er i dag små og sårbare og gir oss begrensa handlingsrom. Til dømes vil arbeid innan vatn og avlaup gjerne binde opp fleire ressursar, til graving av grav treng vi minst to dagsverk. Kommunen har mange anlegg og grøntområde som skal vedlikehaldast, i tillegg til kommunale vegar, plassar og gang- og sykkelvegar/ fortau. VA og graver har første prioritet. Om det vert meir arbeid på gravplassar må andre oppgåver nedprioriterast slik ressurssituasjonen er i dag.

Dei siste åra har me tidvis måtta nedprioritere andre oppgåver for å yte tenester i samsvar med avtalene med VKF. I sommar opplevde me ein vanskeleg situasjon. Mange gravferder utfordra våre knappe ressursar og sårbarheita vart tydeleg. Som følgje av situasjonen vart graset på gravplassane ikkje alltid slått når det burde.

Gjennomgangen i ettertid viser at dette kan skje igjen, enten ved at oppgåver kjem samstundes, ved fråvær av personell eller andre forhold. Me har derfor varsla i budsjettframlegget at me er uroa for situasjonen og vil tilrå å vurdere driftsavtalar med eit større driftsmiljø for desse tenestene. Eit større miljø har fleire ressursar å spele på og kan i større grad sikre tenesteytinga som er påkravd. Ynskje frå VKF om auka tenestenivå framover vil krevje meir ressursar enn det den kommunale teneste har tilgjengeleg i dag.

I økonomiplan og budsjett er det nedtrekk med konsekvensar for personellressursar og driftsmidlar. Det vil bli utfordrande å halde dagens standard på tenestene og det er ikkje budsjett til ein høgare standard.

Renovasjon

Kommunen har i dag avtale med BIR Bedrift om renovasjon. VKF trakk seg for ein del år tilbake frå kommunens avtale og har sidan kjøpt tenester frå anna selskap. Vår avtale med BIR Bedrift går snart ut og det pågår eit nytt anbod for renovasjonstenester. Dette er eit interkommunalt anbod og prosessen med kravspesifikasjon var i fjor. Det vart ikkje tatt høgde for gravplassar i vår oversikt over hentepunkt. Om det er mogeleg å leggje til desse hentestadane i ettertid må undersøkjast når ny leverandør er valt.

Kostnader til renovasjon er i dag dekka av det kommunale tilskotet til VKF. Det må leggast til grunn at finansiering av renovasjon vert trekt frå tilskotet til VKF om dette skal dekkast i tenesteytingsavtalen. Kostnadane er pr. dags dato ikkje kjent.

Ringing med klokker

Ringing med klokker på Vaksdal, Stanghelle og Dale i samband med gravferd vert utført av personell frå veg og grønt i dag. Kommunen har foreslått å ta ut dette frå avtalen ettersom det ikkje er ein del av gravplassarbeidet jf. gravplasslova. I tillegg bind det opp vårt personell på staden. Om det er fleire gravferder i kommunen same dag, slik vi har hatt tilfelle av i år, vil dette bli vanskeleg.

Konklusjon

Det er gjennomført ein revisjon av tenesteytingsavtalen. Kommunen har knappe budsjett og begrensa ressursar. Tenestene på gravplassane vert sett i samanheng med andre oppgåver. I dag vert oppgåvene utført på same nivå som kommunale oppgåver. I revidert framlegg vert dette vidareført. Føresetnaden er løyvingar i økonomiplan og budsjett. Det er lagt til grunn reduksjonar i desse tenestene i framlegg til budsjett. Dette vil ha konsekvensar for tenestene på gravplassane om det vert gjeldande.

Renovasjon: Om det er mogeleg for å få lagt til renovasjon på gravplassane i ny renovasjonsavtale, og finansiering av dette kjem på plass, så kan renovasjon leggast til i tenesteytingsavtalen.

Ringing med klokker i samband med seremoni: dette er ikkje del av tenesteytinga på gravplassane og er ikkje tatt med i framlegget.

Høgare standard: Kommunenen har ikkje ressursar til å heve nivået på stell av gravplassar og anlegg. Vidareføring av dagens standard på same nivå som for kommunale tenester er lagt til grunn i framlegget til ny avtale.

Knappe ressursar og auka press på tenestene gjev grunn til uro framover. I budsjettframlegget er det peika på å vurdere driftsavtalar med eit større driftsmiljø for desse tenestene. Eit større miljø har fleire ressursar å spele på og kan i større grad sikre tenesteytinga som er påkravd. Då vil det vera lettare å auke tenestenivået slik VKF ynskjer.

Framlegg til ny tenesteavtale vert lagt fram med dei endringar som er nemnt i saka.